
Fra: Marianne Aadland Sandvik
Sendt: fredag 29. mars 2019 11:14
Til: 'steinglarsen@gmail.com'
Emne: Spørsmål om garasje

Hei Stein

Når det gjeld bebyggelsesplanen som det vart vist til i brev 5/451-15/8390 så er ikkje den digitalisert enno. Det er grunnen til at du ikkje finn den. Vi har gitt beskjed om at den må registrerast i nordhordlandskart, så forhåpentligvis ordner det seg om ikkje lenge.

Ettersom de ikkje har søkt om ferdigattest for garasjen enno, så kan de søke om endring av gitt løyve. Saksbehandlinga kostar kr 3 400,- i 2019.

Svar til ditt alternativ 1: garasjeloft med soverom og bad – søknad om endring av gitt løyve. Rørleggjar må erklære ansvar og det må sendast inn oppdatert gjennomføringsplan. Resten kan du stå som ansvarleg for, slik som ved førre søknad. Endringa vil krevje tilstrekkeleg brannskilje mellom garasjen og loftet. Det trengs ikkje søkast om nytt sanitærabonnement.

Svar til alternativ 2: garasjeloft med soverom, minikjøkken og bad – søknad om endring av gitt løyve. Søknaden inneber at det vert etablert ei sjølvstendig bueining på garasjen, men eg kan ikkje sjå at gjeldande reguleringsplanar stenger for dette. Søknaden krev etablering av 1 parkeringsplass ekstra (totalt 3 plassar på eigedommen). I tillegg må andre byggtekniske krav til sjølvstendig bueining vere oppfylt, bl.a krav til bod og tilstrekkeleg brannskilje mellom garasjen og loftet. Rørleggjar må erklære ansvar og det må sendast inn oppdatert gjennomføringsplan. Det må i tillegg søkast om sanitærabonnement – det kostar kr 40 000,- + mva, samt løpande abonnement for kommunale avgifter.

Håper dette gav svar på dine spørsmål.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

